

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 17/4746-1

### **Høyringsutkast frå Gaular kommune til fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Forskrift om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad tilrettelagt for heildøgns tenester - kriterie og venteliste**

**Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne skriv uttale i møte**

#### **Vedlegg:**

Høyringsutkast til forskrift frå Gaular kommune

## **SAKSFRAMSTILLING**

Gaular kommune har saman med kommunane Førde, Flora, Naustdal og Jølster utarbeida eit framlegg til forskrift. Det har vore sett ned ei fagleg arbeidsgruppe som har utarbeida felles framlegg til forskrift.

Gaular kommune har handsama saka i rådet for eldre og funksjonshemma og helse- og sosialutvalet. Helse- og sosialutvalet har mynde til å vedta høyringsutkast til forskrift. Utvalet har vedteke framlegget frå arbeidsgruppa som høyringsutkast til forskrift for Gaular kommune.

Fylkesrådet for eldre er ein av høyringsinstansane der forskrifta er sendt til høyring.

Formålet med forskrifta er å få oversikt over behovet for langtidsopphald og bidra til føreseieleg og open tildelingsprosess rundt kriteria og tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorgstenester i Gaular kommune.

Forskrifta trer i kraft 1. juli 2017.